

# Kleppe SFO

## Årsplan 2023- 2024

*Saman om ein god start!*



**Med informasjonsskriv og strategiplan**

## VELKOMEN TIL KLEPPE SFO

Som føresett ønskjer du å gje barnet ditt ein god barndom og eit godt grunnlag for eit godt liv. Vi i Kleppe SFO vil støtte prosjektet ditt ved å bidra med å skape trygge rammer. På den måten vil barnet kunne nå måla sine og heile tida tørre å strekkje seg litt lenger.

Vi vil arbeide for at ditt barn skal få ein tydeleg plass her i SFO. Det betyr at ditt barn vert teke imot med sin personlegdom, sine talent og sine forventningar – ja, slik barnet ditt er.

Vi vil bidra til at ditt barn får ein plass i barnegruppa. Det er mange medelevar å leike med og ein ven eller to er gull verd. Samstundes er det ikkje alltid like lett å ha eit godt samspel med andre. Vi skal etter beste evne vere på vakt, følgje med og hjelpe barna med å tilegne seg dei ferdigheitene som trengs.

Vi vil at ditt barn skal føle tryggleik i skulesamfunnet. Vi er vaksne som verkeleg ønskjer å vere ein del av grunnmuren til ditt barn. Barnet ditt kan alltid koma til oss å be om litt hjelp og støtte, eller berre ein god samtale om det trengs.

Vi vil gjerne vere med på å gjere ditt barn mest mogleg robust. Det gjer vi først og fremst ved å framheva for eleven det eleven lykkast med, får til og meistrar. Ingen er gode i alt, men alle er flinke til noko.



*Informasjonsskriv og strategiplan tek utgangspunkt i Kvalitetsplan for SFO i Klepp kommune frå 2017, Nasjonal rammeplan for SFO frå 2021 og sosialt årshjul for Kleppe skule frå 2022.*

## KORT OM SFO

Overordna mål for verksemda finn vi i Opplæringslova § 13-7: «Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet».

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod for barna i 1. til 4. klasse. Ved spesielle behov kan ein søkja om plass til og med 7. klasse. SFO er eit tilbod til barna før og etter skuletid og på skufrie dagar.

Hovudmålet til skulefritidsordningane i Klepp er å vere ein stad «der barn opplever å bli sett, høyrta og er ein aktiv del av eit inkluderande miljø».

SFO er ein del av skulen si totale verksemd, men og ein stor del av barna si fritid. Den frie leiken blir derfor vektlagt på SFO, og det blir tilrettelagt for at barna skal kunne utfalde seg etter eigne ynskjer innanfor trygge rammer og med rettleiing av vaksne dersom det trengs. Gjennom leik får barna vere ilag og dei får utvikle seg sosialt både i store og små grupper, på tvers av kjønn, alder og interesser.

Klepp SFO følgjer dei same ordensreglane som elles gjeld ved Kleppe skule og arbeider med dei same sosiale måla. Dette gjer det stabilt og oversiktleg for barna.

Skulefritidsordningane i Klepp kommune har i fleire år arbeida etter vår eigen kvalitetsplan. Den, saman med den nasjonale rammeplanen frå 2021, skal styre innhaldet i Kleppe SFO framover. Korleis dette skal gjerast vert konkretisert i strategiplanen som er vedlagt. Strategiplanen skal vere eit arbeidsdokument for personalet i SFO, samt gje foreldre og andre interesserte innsyn i, og informasjon om målsetting og innhald. Skuleåret 2023/24 vil vi prøve å få den nasjonale rammeplanen for SFO under huda. Store delar av fjaråret vart ete opp av pandemi og utsette mykje av arbeidet. På kommunalt nivå skal i tillegg kvalitetsplanen vår reviderast slik at den vert endå meir i tråd med den nasjonale rammeplanen. Difor har vi valgt å fokusere på den nasjonale rammeplanen i strategidokumentet i år.

Kleppe SFO vil alltid søkja det å vere nyskapande. Vi har fokus på utvikling og er derfor med i Nettverket for SFO, kor vi hentar mykje inspirasjon og idear. Også dette skuleåret er det nokre i personalet som starter Marte Meo-praktikar utdanning. Saman med fleire SFO-ar i kommunen vil vi verte endå betre på relasjonar då relasjonskompetanse hjå dei vaksne er avgjerande for å forebygge og handtere mobbing.

## **Avdelingane**

Kleppe SFO har frå hausten 2023 ca 170 barn på SFO, fordelt på tre avdelingar/basar. Vi har ikkje før vore så store og vi gler oss stort til august. Vi vil sjølvsgagt dele oss i mindre grupper i avdelingane dei dagane det er flest barn. 1. trinn skal ha lokale i første etasje i D-bygget, medan 2. trinn vil vere i andre etasje i same bygg. 3. trinn og eldre vil ha lokale i C-bygget. Alle trinn har fellestid ute, og i feriar vil vi slå oss saman alt etter kor mange elevar som kjem. Vi har også samarbeid mellom basane i kvardagen. Endringar i personalsamansetninga kan sjølvsgagt skje i løpet av skuleåret. Vi har og inne ringevikarar og i periodar har vi inne medarbeidarar i ulike praksisar.

## **Personalet**

### **Pikachu/1. trinn:**

Anita Moi Hansen  
(avdelingsleiar)  
Lars Kasper Fjelde  
Shaima Jafari  
Ayten Gharbi Alo  
Tawakal Tassamma  
Rebecca (lærling)  
Lone Haver

### **Bulbasaur/2. trinn:**

Linda Smines (avdelingsleiar)  
Yasir Ibrahim Nuur  
Charlotte Landa  
Berglind Haraldsdottir  
Anne Cathrine Veivåg  
Malin Byberg

### **Eevee/ 3-7.trinn:**

Karin Bore (avdelingsleiar)  
Renata Bache  
Bisrat (ye)Tewolde  
Agush Agushaj  
Linda K. Fosslund  
Espen Stangeland

### **Kjøkkenansvarleg:**

Monika Wojtasik

### **Morgon-SFO:**

Anne Cathrine Veivåg  
Siren Merethe Meling  
Agush Agushaj  
Ayten  
Bisrat Tewolde  
Anita Moi Hansen

## **Opningstider**

Vi har ope kvar dag frå skuleslutt til kl 16.30.

Morgontilbodet er ope frå kl 07.00 til skulestart.

Ein kan velje å ha 100% plass, 80% (fire dagar), 60% plass (tre dagar) og 40% (to dagar). I tillegg kan ein velje om ein vil ha morgontilbod. SFO har ope heile skuleåret, òg på skulefrie dagar. Unntaket er ”raude dagar”, fem planleggingsdagar i året, juli månad, julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag har vi ope til kl 12.00. Alle som har SFO-plass kan bruke SFO i feriane på dei same dagane/vekene dei nyttar elles. Med så mange barn på SFO ser vi oss nøydd til å vere

restriktive med ”spesialordningar” for SFO plass, og ber dykk velje plass tilbod ut frå kommunens liste.

Dersom det er ledig kapasitet i SFO er det mogleg å kjøpe einskilde dagar i løpet av skuleåret, men dette er unntakssvis. Dette er meint å vere ei hjelpe dersom det kjem uventat ting i kvardagen, f.eks. sjukdom eller reising i samband med arbeid. **Det er ikkje mogleg å kjøpe einskilde dagar i skuleferiane.**

Planleggingsdagar skuleåret 2023/24 er: **15. og 16. august, 16 og 17. november, 10. mai.** SFO har ikkje tilbod desse dagane.

## Pris på opphold og mat i SFO

	Pris	Pris	Pris	Pris
Tilbod	1.trinn frå 01.08.22*	2.-4. trinn frå 01.08.22	1. -2. trinn frå 01.08.23*	3. -4. trinn frå 01.08.23
5 dagar pr veke kl 08:30 - 16:30	kr. 1.130,-	kr. 3.140,-	kr. 1.185,-	kr. 3.290,-
4 dagar pr veke kl 08:30 - 16:30	kr. 540,-	kr. 2.685,-	kr. 565,-	kr. 2.815,-
3 dagar pr veke kl 08:30 - 16:30	0,-	kr. 2.220,-	0,-	kr. 2.325,-
2 dagar pr veke kl 08:30 - 16:30	0,-	kr. 1.745,-	0,-	kr. 1.830,-
Morgontilbod frå kl 07:00 til skulestart	kr. 405,-	kr. 405,-	kr. 425,-	kr. 425,-
Matpengar 5 dagar pr veke	kr. 240,-	kr. 240,-	kr. 255,-	kr. 255,-
Matpengar 4 dagar pr veke	kr. 195,-	kr. 195,-	kr. 205,-	kr. 205,-
Matpengar 3 dagar pr veke	kr. 145,-	kr. 145,-	kr. 155,-	kr. 155,-
Matpengar 2 dagar pr veke	kr. 105,-	kr. 105,-	kr. 110,-	kr. 110,-

\*) Det er innført ei nasjonal ordning om gratis kjernetid (12 timer pr veke) for 1. klassingar frå august 2022 og for 2.klassingar frå august 2023.

Ein betaler i elleve ulike terminar i løpet av eit skuleår. Juli er betalingsfri.

Informasjon om redusert foreldrebetaling kan du finne på Klepp kommune sine [heimesider](#).

## Oppseiing av plass i SFO

Det er mogleg å seie opp plassen eller endre tilbod i løpet av skuleåret. [Vedtekene](#) for skulefritidsordningane seier: «Skulefritidsordninga har ein månads oppseiingstid. Det gjeld òg for endringar i oppholdstida. **Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad. 1.mai er fristen for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing av plassen etter 1.mai må det betalast ut august månad. Oppseiing av plassen må vera skriftleg.**» Vi ønskjer at oppsigelsar og endringar vert lagt inn i Visma Flyt Skole (VFS) av foresatte. Når ein har gjort det treng ein ikkje skrive ytterlegare mail eller brev om oppsigelse. For å sjekke om oppsigelse/endring er behandla må ein logge inn i VFS.

## INNHOLD OG ORGANISERING VED KLEPPE SFO

August	September	Oktober	November
<p>1.-14. august: ferie-SFO Stort fokus på å bli kjend. Planleggingsdag SFO stengt 15+16 august. Fokusområde: Leik</p>	<p>Stort fokus på å bli kjend Fokusområde: Leik</p>	<p>Veke 41: Haustferie Ferie-SFO 9- 13. Oktober. Hugs frist for på/avmelding Foreldresamtalar for dei som ønsker det. Fokusområde: Leik</p>	<p>Planleggingsdag SFO stengt 16.og 17. november: Fokusområde: Kultur</p>
<p><b>Juli</b>  SFO stengt heile månaden. God sommar! </p>	<p style="text-align: center;"><b>Årshjul</b> <b>Kleppe SFO</b> <b>2023/2024</b></p> 	<p><b>Desember</b> 15. desember: Grautfest Juleferie ferie-SFO 21.-22. og 27.-29. Desember Hugs frist for på/avmelding Fokusområde: Kultur</p>	<p><b>Januar</b>  Fokusområde: Kultur</p>
<p><b>Juni</b> Sommerferie Ferie-SFO 1.-28. Juni Hugs frist for på/avmelding Grillfest Tur til Kongeparken for 4. trinn Fokusområde: Fysisk aktivitet og rørsleglede</p>			<p>Fokusområde: Kultur</p>
<p><b>Mai</b> SFO stengt 1. mai, 9.mai, 10.mai, 17.mai, 20 mai Foreldrekaffi</p>	<p><b>April</b> Planleggingsdag SFO stengt 1.april (2. påskedag)</p>	<p><b>Mars</b> 14. mars: Kunstkafé Påskeferie ferie-SFO 25.mars - 1. april Hugs frist for på/avmelding Bowling for 3. og 4. trinn</p>	<p><b>Februar</b> 6. februar: Samefolkets dag Vinterferie veke 9: ferie SFO 26.feb-1.mars Hugs frist for på/avmelding</p>

Fokusområde: Fysisk aktivitet og rørsleglede	Fokusområde: Fysisk aktivitet og rørsleglede	Fokusområde: Mat og måltidsglede	Karneval 13..februar Fokusområde: Mat og måltidsglede
--	--	----------------------------------	--

## Dagsrytme ved Kleppe SFO skuleåret 2023/2024

	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<b>12.15</b>		<b>SFO innkryssing</b>			<b>SFO innkryssing</b>
<b>12.30</b>	<b>SFO personalmøte</b>	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, elevane vel vanlegvis sjølv.			Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, elevane vel vanlegvis sjølv
<b>13.25</b>	<b>SFO innkryssing kl 13.25</b>	Pikachu og Eevee et i kantina			Pikachu og Eevee et i kantina
<b>13.40</b>	Rett etter innkryss: Pikachu et i kantina	Bulbasaur et i kantina	<b>SFO innkryssing</b>	<b>SFO innkryssing</b>	Bulbasaur et i kantina
<b>13.45</b>			Kafe og uteleik til kl 15.00 Alle dei vaksne følg kafeoppsettet	Kafe og uteleik til kl 15.00 Alle dei vaksne følg kafeoppsettet	
<b>14.00</b>	Bulbasaur og Eevee et i kantina.	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, elevane vel vanlegvis sjølv.			Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, elevane vel vanlegvis sjølv.

<b>14.15</b>	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, elevane vel vanlegvis sjølv.				
<b>15.00</b>			Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, elevane vel vanlegvis sjølv.	Styrte eller frie aktivitetar. Ute og inneleik, elevane vel vanlegvis sjølv.	
<b>15.20</b>	<b>Alle rydder på ekstra rom, klasserom/grupperom. Vi samles fleire baser ved behov</b>	<b>Alle rydder på ekstra rom, klasserom/grupperom. Vi samles fleire baser ved behov</b>	<b>Alle rydder på ekstra rom, klasserom/grupperom. Vi samles fleire baser ved behov</b>	<b>Alle rydder på ekstra rom, klasserom/grupperom. Vi samles fleire baser ved behov</b>	<b>Alle rydder på ekstra rom, klasserom/grupperom. Vi samles fleire baser ved behov</b>
<b>16.20</b>	-Kontroll på utkryssing. - Sjekke klasserom. -Sjekke vindauger og dører. -Trekke i alle toalett.	-Kontroll på utkryssing. - Sjekke klasserom. -Sjekke vindauger og dører. -Trekke i alle toalett.	-Kontroll på utkryssing. - Sjekke klasserom. -Sjekke vindauger og dører. -Trekke i alle toalett.	-Kontroll på utkryssing. - Sjekke klasserom. -Sjekke vindauger og dører. -Trekke i alle toalett.	-Kontroll på utkryssing. - Sjekke klasserom. -Sjekke vindauger og dører. -Trekke i alle toalett.

Rammeplanen for SFO legg mykje vekt på at borna skal få vere medvirkande i sin kvardag og i stor grad får velje kva dei vil gjere i fritida si. Vi legg difor opp til stor grad av valfreiheit, og ønsker i stor grad at barna skal få velje aktivitetar både ute og inne. Nokre gonger må alle barna vere ute eller inne. Dette gjeld særleg perioden før mat og etter 15.30.

## Gruppeaktivitetar

Vi tilbyr organisert gruppeaktivitet i SFO der vi tek utgangspunkt i barna sine interesser, alder, dei vaksne sin kompetanse og årstidene. Det vert til dømes forming, sløyd, musikk, spelning, matlaging, gym og turar. Vi håper og å kunne tilby tid i symjehall for dei eldste også dette skuleåret. Tysdag og fredag er dei dagane med mest organisert aktivitet. Dei fleste aktivitetane står i månadsplanen som vi publiserer på [heimesida](#). Nokre grupper må kanskje ha bindande påmelding som gjeld for eitt semester om gongen på grunn av ressursbruk, tryggleik og forutsigbarheit.(Eks:symjing) Det kjem eventuelt eige skriv om dette.

## Måltid

I august 2021 tok vi i bruk splitter ny kantine og kjøkkenansvarleg har fått svært gode fasilitetar. Skuleåret 2023/24 vil alle ete i kantina. Barna får eit måltid kvar dag i SFO (to i feriane). Det er brødmåltid to gonger i

veka, ein dag med gryn/graut, ein dag med osteskjeve og ein dag med varm mat. Barna får mjølk til brødmåltida om dei vil, elles drikk vi vatn. Barna får òg oppskoren frukt og grønsaker kvar dag. Vi ønskjer å ha fokus på at barna skal få sunn mat og eit godt måltidsfellesskap. Frukost til morgen-SFO må ein ha med sjølv.

## **Ekstratøy/skiftetøy**

Barna må ha skiftetøy i garderoben. Det må vere minst eitt heilt sett skiftetøy, gjerne ekstra buksar og strømper. Alle barna har eigen kasse eller korg til skiftetøy i garderoben. Det er fint om de foreldre hugsar å sjå etter i kassen med jamne mellomrom. 1. og 2. trinn har plass i same garderobe som på skulen. 3. trinn og eldre har liten plass i SFO- garderoben, og må i hovudsak ha skiftetøy liggande i skulegarderoben, og heller hente ved behov.

Barna må ha innesko eller tøflar. Dette er særleg aktuelt om hausten og vinteren, då dei lett vert våte i garderoben. (I tillegg til skulen. Vi går ut uansett ver)

## **Telefonbruk, registrering og heimsending**

Dersom barna ikkje har kome etter skulen, eller etter det avtalen seier, kontaktar vi foreldra/foresette. Alle barna blir "kryssa inn" når dei kjem og "kryssa ut" når dei går. Det er viktig at dei som hentar barna i SFO gjer beskjed til dei vaksne når barnet går, slik at vi får "kryssa dei ut". (Obs! Feil klokkeslett kan førekomme då vi ikkje har nett ute og vi kryssar ut i «bolkar» då innlogging krev litt tid.) Gje oss og beskjed dersom det er andre enn foreldra som skal hente barnet, særskilt om dei ikkje er ført opp på "informasjon om barnet".

Vi ønskjer at alle dagsaktuelle beskjedar skal vere inne som merknad i visma innan kl. 10.00 den dagen det gjeld. Til dømes ved fri, endring i heimsendingstidspunkt el.l.. Då kan vi justere ressursane på best mogleg måte. Merknadar og sjukdom som vert lagt inn kjem opp i krysselista vår. Meldingar kjem berre til dei som vert lagt til som mottakar. Om ein kun sender til ein voksen på avdelinga kan det vere sårbart med tanke på om beskjeden når fram eller ei. Hugs å legge til flest mogleg vaksne som mottakar!

Ved permanente endringer kan ein leggje det inn som merknad for ein gitt periode. Evt sende melding i visma til SFO-leiar, så kan ho gjere endringar.

Vi er svært restriktive med utlån av telefonen til barna og ønskjer at avtalar om besøk hjå venar m.m. vert avtalt på førehand og lagt inn som merknad i visma.

Heimsendingstidspunkt bør vere faste og haldast til heile og halve timer (eks kl. 15.00 eller kl. 15.30). Elles er vi glade for at de kjem inn for å hente, slik at vi kan fortelje litt om dagen. Telefonar frå dropsona om at barna kan sendast bør unngås då det går ut over vaksentettleiken og tida vi har med barna!

## **Ferie-SFO**

Når det er skuleferie skal dei barna som er på SFO ha det ekstra kjekt. Vi legg programmet opp etter ønskja som kjem inn ved påmelding. Elles tar vi ut på turar og spanande utflykter. Vi har diverse aktivitetar på skulen og brukar gymsalen. Julebord, gardsbesøk, diskotek, kino, rebusar og idrettsdag er døme på det vi har gjort tidlegare. Alle får to måltid (ca kl 10.30 og kl 13.30) og frukt på feriedagane. Ingen treng å ha med niste med mindre dei skal ete frukost på morgen-SFO. I forkant av kvar ferie blir de bedt om å fylle ut om barnet kjem eller ei, kva for nokre dagar barnet eventuelt kjem og kor lenge barnet skal vere i SFO. Dette er til god hjelp for oss når vi skal lage arbeidsplanar og planleggje aktivitetar/turar og vi vert svært glade for at de held fristen. Dei som har redusert plass i SFO må nytte dei same dagane i ferien som dei gjer elles. Hugs kjernetid frå kl 10.00–14.30.

## **Samarbeid skule og SFO**

Skulen og SFO samarbeidar i det daglege og SFO er ein integrert del av skulen. SFO-leiar deltek til dømes på interne administrasjons- og leiarmøte, i innsatsteam, på fellestid med lærarar, trinnmøter o.l. SFO-leiar deltek òg på felles kommunale nettverksmøter. SFO er òg representert i møte angåande enkeltelevar i

samband med andre instansar. SFO og skule har i tillegg det same samværs- og ordensreglementet og jobbar mot dei same måla i det sosiale årshjulet.

## Foreldresamarbeid

Vi ønskjer nøgde foreldre som er trygge på at barna blir tekne godt vare på og trivst hjå oss. Open kommunikasjon og samarbeid er viktig for å få til dette.

Vi lagar månadsplanar der de finn informasjon om aktivitetar og anna som gjeld SFO. På [nettsida vår](#) finn de mykje informasjon og alle aktuelle skriv og skjema. Vi skriv i tillegg litt om kva vi held på med og legg ut bilete frå ulike aktivitetar og turar på facebooksida vår. Følg oss gjerne på "Klepp kommune – Kleppe SFO".

Alle føresette får tilgang til visma-app ved oppstart. Dette er ein felles portal for utveksling av informasjon og beskjedar mellom skule/SFO og heimen.

Kvart barn har ein primærkontakt. Den vaksne har spesielt ansvar for å følgje opp barnet og å ta kontakt med foreldra ved behov. Dette gjer barnas kvardag tryggare og det er enklare å forhalda seg til, både for barn og vaksne. Vi gjev i hovudsak tilbod om foreldresamtalar haust og vår. SFO har meir sporadisk foreldrekontakt enn det ein har i ein barnehage, men vi oppmodar dykk foreldre til å ta kontakt med oss om de ønskjer meir informasjon eller samtale. Det same gjeld for ris og ros – det er mykje lettare å verte betre med ærlege tilbakemeldingar!

Det vert foreldremøte i september - eigen invitasjon kjem. På foreldremøte vert det valt to SFO-foreldrekontakte og ein av desse skal i tillegg sitje i FAU.

Eit godt samarbeid mellom føresette og personalet er heilt avgjerande for at barna skal trivast.

De som føresette skal kunne ha klare å tydelege forventningar til oss vaksne som er så mykje saman med barna dykkar. Vi har òg forventningar til dykk som føresette.

## Forventingar til tilsette på Kleppe SFO

- Tilsette tar barna på alvor – viser interesse, forståing og omsorg
- Tilsette har fokus på at alle barn skal oppleve meistring
- Tilsette gjev positiv merksemrd til positive handlingar
- Tilsette gjev det enkelte barn konstruktive tilbakemeldingar
- Tilsette legg til rette for leik som inkluderer alle
- Tilsette legg til rette for eit variert aktivitetstilbod
- Tilsette snakkar og samhandlar med barna på ein positiv måte
- Tilsette legg til rette for medbestemming, slik at barna opplever å bli hørt og at deira meinings blir tillagt betydning
- Tilsette er positive til innspel og tilbakemeldingar frå føresette
- Tilsette gir informasjon og tilbakemelding om forhold som gjeld det enkelte barn
- Tilsette overheld teieplikta

## Forventingar til føresette

- Føresette bidrar til eit positivt miljø ved å vera bevisste på korleis ein omtalar SFO
- Føresette har positive haldningar til dei andre barna på SFO
- Føresette gjev beskjed om forhold som kan ha betydning for barnet sin trivsel. (Personalet vil då betre kunne følge opp og gi barnet ekstra omsorg.)
- Føresette gjev tilbakemeldingar, slik at kvaliteten på SFO-tilbodet kan bli endå betre
- Føresette gjev melding om fråvær, sjukdom, endringar i hentetid o.l.

- Føresette følgjer med på informasjon frå SFO i ranselpost og på skulen si heimeside/informasjonskanal og gjev svar innan fristane som er sett
- Føresette gjev beskjed innan oppsette fristar for kva for behov ein har i skulen sine ferie/fridagar, slik at SFO kan planleggja god bruk av personalet
- Føresette set av og til av tid til ein liten samtale når barnet vert henta
- Føresette ser jamleg etter om barnet har tøflar og skiftetøy i garderoben

## **For sein henting**

Dersom barna ikkje blir henta innan vi stengjer vert det utstedt eit gebyr på kr 200,- for kvar påbegynte halvtime. Personalet si arbeidstid sluttar kl 16.30. Det betyr i praksis at SFO-tilsett skal kunne låse dørene til tomme lokal kl 16.30. Føresette som hentar barnet har sjølv ansvar for at dei er ute i god nok tid. Det vil først bli gitt munnleg beskjed, men skjer det igjen sender vi ut rekning. Dersom du har problem med å kome fram i tide, kan du ringje og vi er behjelpelege med å finne ei løysning. Får vi ikkje tak i føresette ved for sein henting har vi rutinar som sikrar barna.

## **Kontakte oss?**

Dagsaktuelle beskjedar må sendast i visma innan kl. 10.00. Treng du kontakt etter at SFO har åpna bør du nytte telefon/sms då vi ikkje har wifi ute.

Leiar er normalt å treffen kvar dag frå 08.00 – 14.30.

Telefonnummer følger trinnet ut 4. klasse.

Pikachu (1. trinn): 908 21 157

Bulbasaur (2. trinn): 908 70 893

Eevee (3. trinn og eldre): 909 53 269

SFO-leiar: [jane.skar@klepp.kommune.no](mailto:jane.skar@klepp.kommune.no) Tlf: 400 31 603

(E-post: kleppe.sfo@klepp.kommune.no) Heimeside: <http://www.minskole.no/kleppe>

# ***Strategidokument 2023-2024***

***Kleppe SFO  
Saman om ein god start!***

I samband med utvikling av «SFO handboka» i 2013 vart det retta eit større fokus på innhald og kvalitet i SFO. Klepp kommune utarbeidde i ettertid nokre fokusområde som skulle prega innhaldet. Våren 2017 vart desse reviderte i den nye kvalitetsplanen for SFO som igjen blei justert skuleåret 18/19. Dette, i samråd med nasjonal rammeplan for SFO frå 2021 og revidert sosialt årshjul for Kleppe skule i 2022, bidreg til vidareutvikling av Kleppe SFO og vil vere med på å forme SFO-året 23/24. I år vil vi nytte den nasjonale rammeplanen som utgangspunkt i strategidokumentet vårt ettersom den kommunale kvalitetsplanen for SFO skal reviderast etter den.

## Visjon, mål og verdigrunnlag

**Visjonen** til Klepp kommune ligg til grunn for arbeidet vårt: **«Med blikk for alle»**

**Hovudmålet** til skulefritidsordningane i Klepp er å vere ein stad **«der barn opplever å bli sett, høyrte og er ein aktiv del av eit inkluderande miljø»**

Verdigrunnlaget til SFO, forankra i den nasjonale rammeplanen, byggjer på grunnleggjande verdiar som òg gjeld for barnehage og grunnopplæring. Verdigrunnlaget skal prege alt arbeid og innhald i SFO.

Verdi-grunnlaget	Utdrag av kva rammeplanen seier. <a href="#"><u>Fullstendig utgåve</u></a>	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Eigenverdien til barndommen	<i>Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meiningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn</i>	Gjennom godt samarbeid med heimane. SFO skal være tilgjengelege ved behov.  På Kleppe SFO sett vi opp aktivitetar barna kan velje om dei vil delta på. Aktivitetar som for eksempel tur, kan ikkje barna velje vekk utan at det er fysiske grunnar for dette. Vi jobbar for barns medverknad samtidig som vi har nokre faste ting alle må vere med på. Om eit barn vil kvile med ei bok eller fargelegging, legg vi til rette for dette. God relasjon til og kommunikasjon med barna vil være avgjerande for at barna skal føle seg sett og høyrte.
Tryggleik, omsorg og trivsel	<i>SFO skal vareta og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrsle og anerkjenning. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast moglegheiter for å gi omsorg. SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna og bidra til at dei opplever glede og meistring</i>	På Kleppe SFO skal dei vaksne være tett på barna og involvere seg i leiken. Dei vaksne er bevisste på språket sitt og at dei gjev tydelege beskjedar. Det gjer barna trygge, dei vaksne er gode rollemodellar og i tillegg blir den gode tonen sett.  Dei vaksne gjev positive tilbakemeldingar på positive handlingar og er heile tida på “jakt” etter dette. Vi jobbar ut i frå at «det du gir mest merksemrd, får du mest av».

		<p>Handlingar som skil seg ut i positiv retning får ofte høglytt ros.</p> <p>Barn med klare fysiske eller sosiale utfordringar skal kvar dag ha ein vaksen med særskild ansvar for å hjelpe seg til praktiske gjeremål og til å bli inkludert i leiken.</p> <p>Nokre avdelingar nyttar venskapsbenk.</p> <p>I august er det stort fokus på å bli kjent og reglar vert repetert jammleg. Dagsplan vert og nyttar.</p> <p>SFO har rutinar for å sjekke at alle barna blir sett og for å kartlegge relasjonar mellom vaksne og barn.</p> <p>Avgrensa uteområde i utetida gjer at dei vaksne fangar opp om nokon vert gåande åleine.</p> <p>Fysisk aktivitet er viktig for alle, spesielt sidan det påverkar den psykiske helsa i stor grad. Difor legg vi til rette for mykje leik og bevegelse i utetid. Vi har snakkar og om at alle ikkje kan alt, men alle er gode i noko. I alle aktivitetar ønskjer vi at barna skal oppleve meistring. Det betyr mykje for barnet.</p>
Mangfold og inkludering	<p><i>Respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfold skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne dei ulike føresetnadene, perspektiva og erfaringane til barna kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn.</i></p>	<p>Gjennom samtalar legg vi til rette for at barna skal sjå på ulikhetar og mangfold som ein styrke. Vi snakkar mykje om at alle er gode til noko og ingen i alt, samt viktigheita av å respektere og anerkjenne alle.</p> <p>I hovudsak får barna velje sjølv kva dei vil gjere og kven dei vil vere med, men nokre gonger set dei vaksne saman grupper der barna må øve på å vere med nokon dei ikkje kjenner like godt. Når vi øver på å vere i lag tileignar vi oss viktige eigenskapar.</p> <p>Vi arrangerer internasjonal veke på hausten. Der får barna lære om kvarandre sine land og kultur/tradisjon og smake på mykje ny mat.</p> <p>Vi har fleire tilsette frå mange ulike land som bidreg til å gjere Kleppe SFO til ein plass for alle, uansett bakgrunn.</p> <p>Vi har faddarbarn – Jhony.</p>

Skaparglede, engasjement og utforskarterong	<p><i>Ved å ta utgangspunkt i skapargleda, engasjementet og utforskarterongen til barna skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring.</i></p> <p><i>Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO.</i></p> <p><i>SFO skal anerkjenne at å leike er ein typisk veremåte blant barn, og at leiken har ein eigenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for leik</i></p>	Barna får god tid til å leike fritt både inne og ute i løpet av SFO-tida. Dei vaksne skal leggje til rette for varierte aktivitetar som barna i stor grad skal få velje sjølv om dei vil delta i. Barns medbestemming skal stå høgt. Dei vaksne skal vere til stades i leiken og rettleie der det trengs. På den måten vil og dei vaksne kunne fange opp kva som engasjerer barna og jobbe videre ut i frå det.
Demokrati og fellesskap	<p><i>SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og byggje verksemada si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrt.</i></p>	Dette jobbar vi med i det daglege, både i samtalar med barna og gjennom rettleiing i "her og no"-situasjonar. Vi har jamnleg barnemøter der vi diskuterer ulike ting som er aktuelt. Ved ei avstemming vil fleirtalet/demokratiet bestemme. Vi får og øvd oss på at ting ikkje alltid blir heilt slik vi hadde ønska. Dei vaksne jobbar for å utvikle og oppretthalde gode haldningar hjå barna. Vi ønskjer at dei skal tenkje «vi og oss» i staden for «eg, meg og mitt». Barna får etter tur ansvar for ulike gjeremål som gagnar fellesskapet. Dei blir meir sjølvstendige og veks på utfordringane.
Berekraftig utvikling	<p><i>Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold.</i></p> <p><i>SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.</i></p>	Vi tek ofte med oss posar på tur slik at vi kan plukke søppel. Vi har nokre gonger samling der vi sorterer avfallet vi finner. Vi ryddar etter oss på turane våre. Inne kjeldesorterer vi mat, rest, papir og glass/metall. Vi lager jamnleg kunst av avfall og rydder etter til dømes forming slik at vi får utnytte mest mogleg av materiala. Kokken nyttar så mykje av matrestane som mogleg, dette tek vil barna med på somme gonger.

## Innhaldet i SFO

Til samanlikning er fokusområda i Klepp kommune sin kvalitetsplan medborgarkompetanse og sosialt medansvar, leik som utviklingsarena, helse, miljø og fysisk aktivitet og kunst, kultur og kreativitet.

Skilnaden er at Klepp kommune ønskja å framheve sosial kompetanse som eige fokusområde, medan den nasjonale rammeplanen framhevar mat og måltidsglede. Den nasjonale rammeplanen tenkjer sosial kompetanse i alt av innhold og Klepp kommune har mat og måltidsglede inn under “helse, miljø og fysisk aktivitet”. Med andre ord har Kleppe SFO jobba etter den nasjonale rammeplanen i fleire år før den kom og kvaliteten har vore der. Likevel har vi som alle andre ting vi kan verte flinkare på. Her kan de lese litt meir korleis vi skal arbeide dette skuleåret.

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. <a href="#"><u>(Fullstendig utgåve)</u></a>	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Leik	<i>Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal legge til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal legge til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.</i>	Vi legg til rette for mykje leik og variert leik kvar dag gjennom heile året. Dei vaksne skal vere tett på for å fange opp det som skjer og rettleie barna på best moglege måte. Vi skal gjennom heile skuleåret forsøke å fornye leikesonane våre og spele på det som fengjer barna slik leiken kan stimulere til utvikling og læring. Elevane skal stort sett få velje leik etter eigne interesser og ønske. Fokusområde i august, september og oktober
Kultur	<i>Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal legge til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksem</i>	Vi har mykje formingsaktivitetar i SFO der barna blir kjent med ulike materialar og teknikkar. Vi arrangerer kunstkafe ei gong i februar/mars. Her får barna selje kunstverka sine til inntekt for fadderbarnet vårt, Jhony. Vi dansar og syng mykje i det daglege, men også i grupper. Fokusområde i november, desember og januar.
Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	<i>SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørslelek og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør legge til rette for aktivitetsformer som kan bidra til rørsleglede, og som oppstår i leik saman med andre barn.</i> <i>SFO bør legge til rette for at barna kan vere utandørs ein del av tida dei er i SFO kvar dag. SFO kan vurdere korleis området i lokalmiljøet, til dømes skogholmt, andre naturområder eller aktivitetsanlegg, kan brukast i leik, utforsking og fysisk aktivitet.</i>	Vi legg til rette for mykje fysisk aktivitet i utetida på det etter kvart veldig flotte uteområdet vårt. Vi nyttar gymsalen etter tur og tek elles i bruk nærområdet flittig. (Skog, idrettsanlegg, leikeplassar mm)  Fokusområde i april, mai og juni

Mat og måltidsglede	<p><i>SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar.</i></p> <p><i>Når mat blir servert i SFO, bør SFO leggje vekt på eit helsefremjande kosthald og byggje på kostråd frå Helsedirektoratet, og dessutan leggje vekt på berekraftige matvanar og forbruk.</i></p> <p><i>SFO bør leggje til rette for måltidsglede med gode samtalar, deltaking og oppleving av fellesskap hos barna. Å lage mat saman i SFO kan gi barna erfaring med korleis dei sjølv kan lage enkle og sunne måltid, og korleis dei saman med andre kan skape trivelege rammer rundt måltidet</i></p>	<p>Ved måltid er det tid for gode samtalar og barna får fortelje fritt og dele med andre. Barna øver på å lytte til andre, vente på tur og det å snakke til fleire tilhøyrarar.</p> <p>Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO.</p> <p>Personale deltek aktivt i måltida.</p> <p>Alle vaskar hender før vi et og kjeldesortering gjer vi både i kantina og elles på basane.</p> <p>Kokken vår og personale er kjent med kostråda og gjer så godt vi kan innanfor tid og budsjett når det kjem til sunne, berekraftige matval.</p> <p>Kokken vår er god til å ta i bruk alle matrestar.</p> <p>Fokusområde i februar og mars.</p>
---------------------	---	---

## Ei inkluderande skulefritidsordning

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. <a href="#">(Fullstendig utgåve)</a>	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Inkludering i SFO	<p>SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhørsle og sosialt fellesskap med andre barn og med personale.</p> <p>Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfold. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i leik og tilrettelagde aktivitetar. Personale skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn blir gitt moglegheiter for deltaking, og med utgangspunkt i interessene til barna leggje til rette for at alle barn kan delta.</p>	<p>På Kleppe SFO har vi gjennom året aktivitetar i grupper på tvers av alder og klasse, slik at barna får moglegheit til å danne venskap med andre enn dei i klassen. Felles utetid bidreg også til dette.</p> <p>Som under «mangfold og inkludering»: Gjennom samtalar legg vi til rette for at barna skal sjå på ulikhetar og mangfold som ein styrke. Vi snakkar mykje om at alle er gode til noko og ingen i alt, samt viktigheita av å respektere og anerkjenne alle.</p> <p>Dei vaksne i SFO kjenner godt til viktigheita av å kjenne på tilhørsle. Dei vaksne skal vere tett på barna for å kunne sørge for at alle vert inkludert i leik. I tillegg til å høyre med barnet sjølv, samarbeider SFO og med kontaktlærarar/miljøpersonell i skulen om vi mistenkjer ekskludering.</p>

## Samarbeid i skolefritidsordninga

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. <a href="#">(Fullstendig utgåve)</a>	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Overordna om samarbeid	<p><i>Omsynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar.</i></p> <p><i>SFO skal legge til rette for god dialog og samarbeid med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og legge til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten</i></p>	<p>Vi ser på SFO som ei naturleg forlenging av skuledagen. Skule og SFO samarbeider på mange vis. SFO-leiar er ein del av skuleleiinga og deltek på kommunale møter med dei andre SFO-leiarane. SFO er òg representert i møte angåande enkeltelevar i samband med andre instansar. SFO og skule har i tillegg det same samværs- og ordensreglementet og jobbar mot dei same måla i det sosiale årshjulet. Ved foreldremøte tidleg i september informerer SFO godt om innhald og forventingar. Dette står og godt beskrive i årsplanen vår. Vi er heile tida mottakelege for innspel og tilbakemeldingar. SFO har eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Vi kjenner og til meldeplikta til barnevernet.</p>

Overgangsarbeid frå barnehage til skule	<i>SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skole og SFO saman med skolen og barnehagen, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.</i>	SFO deltek på foreldremøte, trekantsamtalar og overføringsmøte i forkant av skulestart. SFO arrangerer to stk bli kjent kvelder (KOS-kvelder) i mai/juni slik at barna får moglegheit til å bli kjent med kvarandre, dei vaksne og miljøet.
---	---	---

## Kvalitetsutvikling

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. <a href="#">(Fullstendig utgåve)</a>	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Overordna om kvalitetsarbeid	<p><i>Ein viktig del av arbeidet med kvalitetsutvikling er at personalet, med bakgrunn i erfaringane sine frå det daglege arbeidet i SFO og gjennom observasjon av barna i den daglege leiken og aktivitetar, kan reflektere og utvikle kompetansen sin og vidareutvikle praksisen for verksemda.</i></p> <p><i>SFO skal vere eit fellesskap og ein lærande organisasjon som jamleg vurderer og vidareutviklar praksisen sin.</i></p>	<p>SFO driv kompetanseheving både for seg sjølve og i samspel med skulen sitt øvrige personal.</p> <p>Det vil bli laga ein plan for kompetanseheving ved Kleppe SFO i starten av skuleåret som skal omfatte nasjonal rammeplan, sosial kompetanse og Marte meo.</p> <p>Vi vurderer praksisen minst to gonger i året og i tillegg kjem brukarundersøkinga anna kvart år.</p>
Planarbeid	<i>SFO skal planleggje innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Planlegging gir personalet grunnlag for å reflektere og jobbe langsiktig og systematisk for å utvikle verksemda. Planlegginga skal ta utgangspunkt i lokale forhold og</i>	Personalet ved Kleppe SFO har personalmøte på ca 50 minutt ein gong i veka. Desse er delt opp i ulike møtetypar for å kunne dekkje heile behovet. Elles nyttar vi plandagane godt. Barna får medverke til innhald i det daglege i tillegg til gjennom

	<p><i>bidra til å realisere rammeplanen for SFO. Arbeidet skal vere basert på inkludering og medverknad frå barn.</i></p> <p><i>Kvar enkelt SFO skal utarbeide ein årsplan eller ein tilsvarande plan som skal vise korleis SFO omset verdigrunnlaget og innhaldet i rammeplanen til praksis. Planen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gi informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar</i></p>	<p>utsending av ønskjelister, barnemøter og i påmelding til feriane. Kleppe SFO publiserer ny årsplan for SFO innan 1. august kvart år. Før skulestart kjem i tillegg årshjul med viktige datoar.</p>
--	---	---